

Referat frå styremøte nr. 1-2019

Dato: 01.02.2019

Tid: Kl 09.00 -10.30

Stad: Scandic Parken hotell i Ålesund, Løvsal 3 i 2. etasje

Til stades frå styret:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad (ordfører i Stranda kommune)

Nestleiar Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Eva Hove (ordfører i Stordal kommune)

Styremedlem Dag Olav Tennfjord (ordfører i Skodje kommune)

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes (rådmann i Ørskog kommune)

1. vara rådmenn May-Helen Molvær Grimstad (rådmann i Sykkylven kommune)

Forfall:

Styremedlem Andreas Chr. Nørve (rådmann i Vanylven kommune)

Til styret frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

Referent: Vegard Austnes

Sak 1/2019: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Styreleiar ønskte velkomen til møtet. Innkallinga vart godkjend.

Varamedlem til styret May-Helen Molvær Grimstad tok opp om ho skulle vere til stades under handsaminga av sak 5/2019 (Helsekutt i Helse Møre og Romsdal HF) då ho er nestleiar i styret i Helse Møre og Romsdal HF.

Resten av styret kom fram til at Grimstad kunne vere til stades under handsaminga av denne saka.

Det kom forslag frå styret om å ta opp Helseplattformen som sak på neste representantskapsmøte 14. februar 2019.

Sak 2/2019: Godkjenning av referat frå forrige styremøte 9. november 2018 (nr. 8 - 2018)

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referatet frå forrige styremøte vart godkjend.

Sak 3/2019: Strategi Sunnmøre Regionråd 2019

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Aurdal orienterte om arbeidet med realisering av Strategi Sunnmøre Regionråd 2019, særleg om dei to første ordførarsamlingane og representantskapsmøta i 2019.

Styret beslutta at Sunnmøre Regionråd deltek i konferansefestivalen The North West og ikkje arrangerer ein eigen Sunnmørskonferanse, jf. punkt 2.2 i strategien.

Sak 4/2019: Førebels rekneskapsrapport for Sunnmøre Regionråd 2018

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar presenterte førebels rekneskapsrapport per prosjekt for 2018. Rapporten viste eit samla overskot for Sunnmøre Regionråd i 2018 på kr. 369.989,-.

Administrasjonen kjem tilbake med endeleg rekneskapsrapport på seinare styremøte ved handsaming av årsmelding og rekneskap for 2018.

Sak 5/2019: Helsekutt i Helse Møre og Romsdal HF (HMR)

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styret i HMR vedtok 4. desember 2018 å nedbemanne med 200 stillingar med økonomisk effekt så tidleg som mogleg i 2019. Bakgrunnen var den alvorlege økonomiske situasjonen i helseføretaket. I ekstraordinært styremøte 15. januar 2019

vart teksten i vedtaket endra frå kostnadsbesparing på 200 årsverk til 131 millionar kroner.

Styret i HMR ga 24. januar 2019 tilslutning til ein plan for det vidare arbeidet.

Det er sett ned ei rekkje arbeidsgrupper som til neste styremøte i HMR i februar 2019 skal arbeide med konkretisering av helsekutta. Blant kutta ein ser på, er reduksjon av senger og kutt i distriktpsykiatrien, ambulansestasjonar og rehabilitering.

Styret i HMR vedtok 24. januar 2019 å få ein gjennomgang av Magnussen-modellen, som er finansieringsmodellen Helse Midt-Norge bruker for å fordele pengar mellom Helse Møre og Romsdal, St. Olavs hospital og Helse Nord-Trøndelag.

Styret i SR drøfta saka om helsekutta i Helse Møre og Romsdal. Ein tok opp spørsmålet om det går an å gjennomføre dei vedtekne helsekutta på ein berekraftig måte. Vidare vart det drøfta korleis ein kan hjelpe helseføretaket med omstillinga samtidig som ein skal ivareta interessene til innbyggjarane.

Styret treffe ikkje vedtak i saka, drøftingane var saksførebuing til dialogmøtet mellom HMR og kommunane som var like etter styremøtet.

Sak 6/2019: Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.